

Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 17. desember 2014 14:44
Til: 'Monika Cecylia Serafinska'
Emne: SV: Fråsegn etter kulturhistorisk synfaring - Ytre Brakstad - gnr 6 bnr 23, 24 og 32 - dispensasjon - oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Hei!

Kanskje det allereie er på veg ei orientering om dette til oss i posten. Men ber likevel for framtida at det er viktig at vi blir orientert om dette, då sakene stopper opp hos oss i påvente av at avklaring frå høyringsinstansar er ferdig vurdert/undersøkt.

Takk for tilbakemelding!

Med vennleg helsing
Merethe Tvedt
Byggesakskonsulent
Meland kommune

Fra: Monika Cecylia Serafinska [<mailto:Monika.Serafinska@hfk.no>]
Sendt: 17. desember 2014 12:47
Til: Merethe Tvedt
Emne: Fråsegn etter kulturhistorisk synfaring - Ytre Brakstad - gnr 6 bnr 23, 24 og 32 - dispensasjon - oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Hei.

Viser til tidlegare korrespondanse i samband med søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg til fritidsbustad - Ytre Brakstad – gnr. 6 bnr. 23, 24 og 32, Meland kommune.

Den 11.12.2014 blei det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring av det aktuelle området. Det blei ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne og potensialet for funn blei vurdert lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar.

Med helsing
Monika Serafinska
Arkeolog | Rådgjevar
Kultur- og idrettsavdelinga | seksjon for kulturminnevern og museum



Tlf: 55 23 91 80
www.hordaland.no

Fra: Merethe Tvedt [<mailto:Merethe.Tvedt@meland.kommune.no>]

Sendt: 17. desember 2014 11:06

Til: Monika Cecylia Serafinska

Emne: Varsel om synfaring - Ytre Brakstad - gnr 6 bnr 23, 24 og 32 - dispensasjon - oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Hei!

Vi varsler tiltakshavar om at saka blir lagt i ventearkiv i påvente av at synfaring frå Dykk er gjennomført og uttale ligg føre.

Sender du kopi til oss, når dette er gjennomført?

Med vennleg helsing

Merethe Tvedt

Byggesaskskonsulent

Meland kommune